

Bergen, 2. september 2026

Vestland fylkeskommune
v/fylkesdirektør Robert Rastad

Kopi:

Arve Helle, leiar av Hovudutval for samferdsel og mobilitet
Ørjan Raknes Forthun, kommunedirektør, Askøy kommune
Yngve Fosse, ordførar, Askøy kommune

Næringsalliansen Vestland ønskjer Fjordmetroen inn i fylket sine transportplanar

Næringsalliansen Vestland meiner tida er inne for ei brei satsing på sjøbasert persontransport i Vestland – eit fylke der alle 43 kommunane har tilgang til sjø, og der fjordsystemet i praksis utgjer eit uutnytta kollektivnett. Vi ber Vestland fylkeskommune ta initiativ til ein Fjordmetro-strategi, som eit regionalt rutenett for framtidens kollektivtrafikk til sjøs.

Som eit konkret første steg ber vi fylkeskommunen opne dialog med utbyggjarane av Kildn-prosjektet på Askøy, med mål om å vurdere korleis dette prosjektet kan bli ein del av det framtidige kollektivnettet i Vestland.

Samstundes bør fylkeskommunen få opp att initiativ som «Framtidens hurtigbåt», som vart sett på vent i 2024. Fylkeskommunen bør difor invitere til ein brei dialog med reiarlag og skipsindustri med fleire for å hente inspirasjon og kunnskap til ein slik Fjordmetro-strategi i fylket.

Formannskapet i Askøy kommune har vedteke å vidareføre Kildn-prosjektet som ein del av kommuneplanen sin arealdel (KPA) 2024–2036 og i den andre gongs høyringa av planen. Prosjektet inneber etablering av eit hamneområde sørvest på Askøy for handtering av turisme- og cruisetrafikk, kombinert med ei knutepunktshamn for passasjertrafikk gjennom ein framtidig Fjordmetro.

Fjordmetroen er tenkt finansiert gjennom turismereiser i regionen, i kombinasjon med ordinær kollektivtrafikk. Analyseelskapet Menon har peika på ein betydeleg vekst i turismen i Noreg, og at dette kan gi eit passasjergrunnlag på om lag 500 000 nye turistar til området fram mot 2030. Dette passasjergrunnlaget kan kombinerast med kollektivreiser på faste ruter i bergensregionen, og på sikt danne grunnlag for eit utvida sjøbasert kollektivtilbod i heile fylket.

Eit prosjekt i tråd med offentlege mål

Næringsalliansen meiner det er fleire gode grunnar til å vurdere Fjordmetroen som ein del av den langsiktige transportutviklinga i Vestland. Prosjektet kan støtte opp under fleire nasjonale og regionale mål for klima, mobilitet, næringsutvikling og berekraft:

- Parisavtalen legg opp til at verda skal nå netto nullutslepp.
- Noreg har mål om å bli eit lågutsleppssamfunn og redusere utsleppa med minst 55 prosent innan 2030.
- Regjeringa har ambisjonar om at hamnene skal utviklast i retning av nullutslepp, og det er etablert støtteordningar for grøn omstilling av sjøtransporten.
- Vestland fylkeskommune har mål om at transportsektoren skal vere utsleppsfri innan 2030.
- Grøn Region Vestland legg vekt på utvikling av grønne hubar gjennom samarbeid mellom offentlege og private aktørar.
- One Ocean City skal bidra til samhandling og berekraftig vekst i regionen, mellom anna gjennom å utvikle fjordane som transportåre og å fremje grønne, moderne løysingar og nye arbeidsplassar.
- NOU 2023:20 Reisemålsutvalet tilrår at reiselivet sine transportbehov blir inkluderte i grunnlaget for offentlege transporttenester.

Fjordmetroen kan etter vårt syn vere eit konkret prosjekt som koplar saman fleire av desse målsetjingane.

Sjøen som framtidas transportåre

Vestland består av 43 kommunar, og alle kommunane har tilgang til sjø. Historisk har sjøtransporten vore ein sentral del av infrastrukturen i fylket. Båtrutene knytte kommunane saman, og lokalsamfunn og tettstader vaks fram med utgangspunkt i tilgangen til sjøen. I dag finst det framleis eit stort tal kaiar i kommunane, men mange av desse er ikkje lenger i bruk til passasjertransport.

Samstundes viser tal frå Skyss for 2025 at berre om lag 1,8 prosent av dei kollektivreisande i Vestland nyttar passasjerbåt. I bergensområdet er delen under éin prosent.

Dette står i eit visst misforhold til dei naturgitte føresetnadene våre. Vestland har eit omfattande fjordsystem, etablerte kaianlegg og eit stort potensial for sjøbasert kollektivtransport – utan dei samme areal- og kapasitetsutfordringane som følgjer med utbygging av vegnettet.

Næringsalliansen meiner difor at sjøen i større grad bør bli sett på som ein del av den framtidige kollektivinfrastrukturen i Vestland.

Fjordmetroen kan styrkje heile arbeidsmarknaden

Eit velfungerande sjøbasert kollektivnett kan etter vårt syn gi store gevinstar for både næringslivet, innbyggjarane og kommunane i fylket.

Fjordmetroen kan mellom anna:

- Gi fleire tilgang til ein større og meir variert arbeidsmarknad, og samstundes gi bedriftene eit større geografisk rekrutteringsgrunnlag
- Gjere fjorden til ei transportåre framfor ei barriere

- Gjere det enklare å ta arbeid på tvers av kommunegrenser gjennom kortare og meir føreseielege reiser
- Gi distriktskommunane betre tilgang til kompetanse og arbeidskraft
- Medverke til auka verdiskaping ved at fleire menneske og verksemder blir knytte tettare saman i same arbeidsmarknad
- Redusere behovet for flytting ved at fleire kan bu der dei ønskjer og likevel ha tilgang til ein større arbeidsmarknad
- Knytte kommunar og næringsområde som i dag fungerer som delvis separate arbeidsmarknader, tettare saman
- Redusere belastninga på vegnettet, særleg inn mot Bergen sentrum
- Medverke til å revitalisere kaier og lokalsamfunn langs fjordane
- Gjere det enklare å pendle utan personbil til Bergen, som er det største arbeidsmarknadssenteret i regionen, men også til viktige næringsområde som Ågotnes, Mongstad og Hanøytangen
- Opne for betre samband mellom øyane i regionen, til dømes mellom Askøy og Sotra og mellom Stord og Austevoll
- Kombinere reiseliv og kollektivtransport på ein måte som kan medverke til at turisttrafikken blir spreidd til fleire delar av regionen
- Legge til rette for nye sjøbaserte samband, mellom anna ei mogleg «flybåt»-løysing mellom Flesland, Bergen, Askøy, Øygarden og andre kommunar
- Etablere ei ny, utsleppsfri hovudpulsåre for kollektivtransport i fylket.

Kildn – eit nedskalert prosjekt

Næringsalliansen er kjend med at Vestland fylkeskommune hadde merknader til ein tidlegare versjon av Kildn-prosjektet.

Vi meiner det er viktig å understreke at prosjektet som no ligg føre, er vesentleg endra. Omfanget og fotavtrykket er betydeleg redusert, og prosjektet skal etter det som no er lagt fram, ta omsyn til fleire av dei innspela som tidlegare er komne frå fylkeskommunen.

Over 90 prosent av området skal framleis vere avsett til natur- og friluftslivsformål.

Kildn-prosjektet skal dessutan fullt ut finansierast av utbyggjar.


Ber om dialog

Næringsalliansen Vestland meiner at Kildn og Fjordmetroen bør vurderast i eit større regionalt perspektiv enn berre som eit lokalt utviklingsprosjekt på Askøy.

Vi meiner prosjektet kan representere ein mogleg ny modell for korleis reiseliv, kollektivtransport, grøn omstilling og næringsutvikling kan utviklast i samspel.

På denne bakgrunnen ber vi Vestland fylkeskommune om å ta initiativ til ein dialog med Askøy kommune og utbyggjarane av Kildn for å vurdere:

- 1) Korleis Fjordmetroen kan inngå i det framtidige kollektivnettet i Vestland
- 2) Kva potensial det er for å kombinere turisttransport og ordinær kollektivtransport
- 3) Korleis Fjordmetroen kan koplast til eksisterande og planlagde kollektivknutepunkt
- 4) Kva moglegheiter eit slikt sjøbasert transportsystem kan gi for arbeidsmarknad, næringsutvikling og utsleppskutt i fylket.



Næringsalliansen meiner tida er inne for å løfte blikket og sjå på fjorden som ein del av framtidens kollektivinfrastruktur. Vi håpar Vestland fylkeskommune vil vere ein aktiv part i dette arbeidet.

Beste helsing



Espen Børhaug
Næringsalliansen Vestland

918 45 600
espen@bergen-chamber.no

Næringsalliansen Vestland blei stifta i 2008. Alliansen er eit nettverk samansett av 17 næringsforeiningar i Vestland. Saman representerer dei meir enn 3000 bedrifter og 150.000 arbeidsplassar og er ein viktig aktør når det gjeld næringsutvikling i heile fylket.

